

OLE TUNDAL BAKKEBØ
SKANSELIEN 33
5031 BERGEN

Dato 13.04.2023
Vår referanse 2023/57277-3
Dykkar referanse
Sakshandsamar Lillian Bakke Byrknes
E-post Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon 45638702

Løyve til utvida bruk av avkøyrslø - gnr 58 bnr 9 - fv. 5476 - Alver kommune

Vi viser til e-post korrespondanse angående søknad om utvida bruk av avkøyrslø i forbindelse med søknad om bruksendring av ei sjøbu til ei rorbu.


Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5476 Lurevegen til gnr. 58 bnr. 9 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med kartutsnittet under



2. Løyvet gjeld utvida bruk for ei rorbu.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

Eigar eller brukar av avkøyrsla har sjølv ansvar for at *Krav til utforming av avkøyrsla* til ein kvar tid er oppfylt, blant anna krav til frisikt (jf. Veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylt, kan Vestland fylkeskommune trekke tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 150. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse *Lokalveg* jf. Rammeplan 2021-2024.

Vi vurderer at avkøyrsla har tilfredsstillande utforming og vi kan gje løyve til utvida bruk. Vi har lagt ved karv til utforming som du fekk med godkjenning av avkøyrsla i 2020.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 17_203053-3 Lindås - FV. 404 - Gnr. 58 bnr 5517245_1_1

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG